

I forkant av Kjartan Slettemark si store utstilling på Millesgården i Stockholm i 1995 fekk eg fotografere kunstnaren i atelieret hans i den gamle augeavdelinga i det nedlagde Skt. Eriks hospital. Det store atelieret bestod av fleire rom, og vi brukte det vi fann: hjelpemiddel for svaksynte i blanding med materialar frå Kjartan sitt arbeid.

Samarbeidet med konvensjons-skeptikaren og askeladden Kjartan blei eit visuelt gåvedryss. Eg fekk styre på i to dagar tidleg i mars 1995.

I 2007, året før han døydde, besøkte eg han på nytt. Til Kjartans og andre kunstnarar si store sorg hadde dei måtta flytte ut av det forfalne gamle hospitalet, og Kjartan hadde fått nytt atelier.

Her fekk eg blant anna oppleve kunstnarens nyaste lidenskap: derwishdansen.

57–65
Kjartan Slettemark, Stockholm
(1995)

67, 68
Kjartan Slettemark, Stockholm
(2007)